



Uskedal Utvikling – Årsmøte 3. februar 2016

- 1. Godkjenning: Kunngjering, innkalling og sakliste***
- 2. Val av møteleiar***
- 3. Val av skrivar***
- 4. Årsmelding 2015 □ Styret □ Kafe Tiaren □ uskedalen.no □
Handlingsplan 2015 – status***
- 5. Handlingsplan 2016***
- 6. Rekneskap 2015***
- 7. Driftsbudsjett 2016***
- 8. Årspengar og husleige 2016***
- 9. Val***
- 10. Evt. innkomne saker***



Uskedal Utvikling

Årsmelding 2015

Årsmelding frå styret

Styret

Styret i Uskedal Utvikling (UU) har i året 2015 vore:

Leiar: Kristian Bringedal
Nestleiar: Jan Erik Olsson
Skrivar: Gunn Mari Moberg
Styremedlem: Egil Myhre
Styremedlem: Jurgita Zemitatitiene

Varamedlem: Henrik Lyse
Varamedlem: Rangvald Myklebust
Varamedlem: Berit H. Døssland

Rekneskapsfører: Alf Hjønnvåg
Revisor: Leon Gundersen og Hans Reidar Kjærland

Varamedlem, Henrik Lyse, har møtt fast på styremøta.
Berit H. Døssland har møtt i saker som gjeld Kafe Tiaren.

Styremøte

Det er avhalde 6 styremøte og handsama 26 saker i 2015.
Det er laga utleigeinstruks for bruk av Gamleskulen.
Oppgjer inntekter for Kafe Tiaren er presiserte og formalisert

Kjellaren er prosjektert for byggesteg 2. Ein vil sjå på alternative romløysingar før ein går vidare med prosjektet og startar arbeidet med finansiering.

SMIL midlar, med tilsagn på i 2013-15, vart utbetalt i 2015.

Medlemer

Uskedal utvikling er ein medlemsbasert organisasjon registrert i Frivilligregisteret, Brønnøysundregisteret, med rett til Grasrotandel



Medlemstalet i 2015 har vore 34, mot 49 medlemmer i 2014.

Av desse er: 26 personlege medlemmer, 3 lag/organisasjonar og 5 bedrifter.

Medlemstalet er for lågt vurdert utifrå kva arbeid Uskedal utvikling faktisk gjer for å løysa viktige oppgåver i bygda.

Opne møte/ tiltak

Månad	Tema
Januar	<ul style="list-style-type: none">• Årsmøte• Tema: Våre nye landsmenn som ein ressurs i bygda. v/ Thor Inge Døssland og Magne Huglen Innleiing
Februar	Den attraktive bygda. Folketalsutvikling v/ Anbjørn Høivik
Mars	Trafikksikring – kartlegging og gjennomgang av aktuelle objekt
April	Rydding i sentrum/ stranda. Aksjon: Bort med avskilta bilar
Juni	Trafikksikring. Møte med TIDE og yrkessjåførane
September	<ul style="list-style-type: none">• Sommaren 2015 – oppsummering• Gull av grus – status og informasjon
Oktober	Tilflyttarsamling
November	<ul style="list-style-type: none">• Møte m/ ny ordførar – presentasjon med bakgrunn i ulike tema• Møte med Roy Lervåg (Smakifrå OSKA)
Desember	Jobba Handlingsplan 2016

Andre møte/samlingar

- Møte med Kvinnherad kommune om trafikksikringsplan
- Møte med Kvinnherad kommune om veglys til Gardsbarnehagen, Dønhaug
- Møte med Kvinnherad Vekstbedrift om utvikling og arealbruk
- Møte med Uskedal Vassverk om framføring av vatn



- UU var representert på Kvinnherad næringservice si samling på Husnes – merkevarebygging
 - Det er skipa til sosialt samvære for alle frivillige på Kafe Tiaren

Årsmelding frå Kafé Tiaren



Det har vore ein viss nedgang i salet i den populære tysdagskafeen Tiaren som UU opna hausten 2007. Ifjor stoppa det i underkant av 60 000 kroner - nærare bestemt 59 220 - medan den beste noteringen tidlegare var 72 000, går det fram av protokollane. I 2012 vart det seld kaker, rundstykkje og kaffe for dette beløpet medan summen i 2013 vart 68 800 året etter og 66 000 i 2014.

Den beste dagsnoteringa ifjor vart 2 085 kroner den 7. juli - altså midt i ferien. Tiaren hadde i dag den første opningsdagen i 2016 og besøket var godt - også frå Herøysund slik det plar vera den fyrste tysdagen i månaden. Det var 49 opningsdagar ifjor og dermed ein snittomsetnad på rundt rekna ein tusenlapp.

Interessa for Gamleskulen som møteplass i bygda har no i mange år hatt ein positiv tendens og mange er spente på kva som vert det endelege føremålet med kjellaren som no nærmar seg fullføringa.

Vert det ein avklaring om dette i samband med årsmøtet i Uskedalen Utvikling som snart skal haldast?

Av: Ola Matti Mathisen



Uskedalen.no i 2015 – ÅRSRAPPORT

Også ved dette årsskifte er det grunn til å minne om at vår nettavis har en grunnlov som vi har satset på å følge også i 2015.

Den er slik:

- Vi skal ligge så nær leserne som mulig med omsyn til tema
- Vi skal være så aktuelle som mulig. Det bør bety at begivenheter i bygda bør legges ut omgående.
- Vi skal ha en positiv tone.
- Vi skal ikkje praktisere gravejournalistikk som går ut over enkelte.
- Vi skal være et talerør for lag og organisasjoner
- Vi skal bidra til å knytte samene Uskedalen til et harmonisk og spennende fellesskap

Også 2015 har vært et spennende år for bygda, med Festidalen som et høydepunkt, også med hensyn til leserfrekvens. Den har fortsatt hatt en positiv utvikling idet den har passert 13000 enheter, et oppsiktsvekkende høyt tall vurdert utfra antall potensielle. Uskedalen har tross alt bare rundt regnet 1000 innbyggere. Det er grunn til å tro at nettavisen bidrar i betydelig grad bidrar til å fremme grunnlovens siste paragraf. uskedalen.no er med og skaper identitet.

Uskedalen.no har dette året gjennomgått en produktutvikling som har gjort den mere leservennlig og spennende, selv om de tekniske muligheter er typografisk sett begrensede. På dette område er det fremdeles mye å hente. På den journalistiske siden er det samme tilfelle, men her er det også skjedd en svært positiv utvikling som peker framover. Økonomisk bør det også være større muligheter enn i dag.

4. juli i år er det 10 år siden undertegnede gikk inn i prosjektet.. Nå er han 74 år og han finner derfor grunn til å trappe ned innsatsen. Heldigvis har han dyktige erstattere

som går inn for saken med stor entusiasme og arbeidet med å engasjere flere fortsetter. Derfor er det all grunn til å ønske oss selv et GODT NYTT ÅR.

Av redaktør: Ola Matti Mathisen

Uskedal Utvikling – Handlingsplan 2015/ Status

- **Halda fram arbeidet med byggesteg 2,- kjellaren, Gamleskulen**

Byggesteg 1 er fullført. Byggesteg 2 vert planlagd



- **Leggja til rette for bygdeutvikling med bakgrunn i Telemarkforskning sin modell for ei attraktiv bygd (Sjå vedlegg)**

Er gjort

- **Halda fram drifta av Kafe Tiaren**

Er gjort. Sjå eiga melding

- **Syna positiv merksemd og hjelpa til med næringsutvikling. Landbruket er ei vekstnæring i Uskedalen med dyrking og nyskaping. Det er viktig å sjå til at næringa har gode voksterkår og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling gjennom aktivt vern av matjord. Som bygd har vi eit samfunnsansvar å ta vare på matjorda, ikkje berre i dag, men mest for framtidige generasjonar**

Er gjort med m.a. tema om Jordvern

- **Stimulera til og syna interesse for etablering av ulike serveringstilbod**

Er gjort v/ etablering av Matifrå OSKA. Thaivogna skal utvida

- **Arbeida for at tilflyttarar og våre nye landsmenn vert inkluderte og brukte, som den ressursen dei er, i kultur- og arbeidsliv**

Er gjort ved m.a. tilskiping av Tilflyttarkveld

- **Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elva. Med bakgrunn i Plan for arealstrategi vil arbeidet med ein sentrumsplan vera ei prioritert oppgåve.**

Er gjort. Plan for arealstrategi må vidareførast i ein reguleringsplan

- **Vil saman med kommunen og aktuelle utbyggjarar ha fokus på tilrettelegging av eldrebustader og bufellesskap i sentrum**

Er gjort v/ drøftingar og deltaking på møte/samlingar om dette tema

- **Utvikla og tilpassa arbeidet i styret og arbeidsgrupper utifrå behov og kva som er aktuelt i tida (Sjå organisasjonsplan)**

Er delvis gjort. Manglar ei gruppe som særleg vi arbeida prosjekt

- **Fylgja opp innmelde og aktuelle saker og kalla inn til sær møte for å sikra framdrifta fram mot ei løysing**

Er gjort ved m.a. innkalling til møte om trafikk sikring



- **Saman med grunneigarane sjå kva vi kan gjera for å rusta opp den gamle bygdevegen til Rød**

Ikkje gjort

- **Trafikksikring for mjuke trafikantar: Veglys til Gardsbarnehagen, fartsdempende tiltak i Korsnes, på Brekktoppen og i sentrum**

Veglys til Gardsbarnehagen er på plass. Sjå elles plan for trafikksikring

- **Auka medlemstalet og engasjementet frå lag/organisasjonar og bedrifter**

Målet om eit medlemstal på 100 er ikkje nådd



Uskedal Utvikling - Handlingsplan 2016

- Halda fram arbeidet med byggesteg 2,- kjellaren, Gamleskulen
- Leggja til rette for bygdeutvikling med bakgrunn i Telemarkforskning sin modell for ei attraktiv bygd (Sjå vedlegg)
- Halda fram drifta av Kafe Tiaren
- Syna positiv merksemd og hjelpa til med næringsutvikling. Landbruket er ei vekstnæring i Uskedalen med dyrking og nyskaping. Det er viktig å sjå til at næringa har gode voksterkår og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling gjennom aktivt vern av matjord. Som bygd har vi eit samfunnsansvar å ta vare på matjorda, ikkje berre i dag, men mest for framtidige generasjonar
- Arbeida for at tilflyttarar og våre nye landsmenn vert inkluderte og brukte, som den ressursen dei er, i kultur- og arbeidsliv
- Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, sikra parkeringsareal, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elv
- Med bakgrunn i Plan for arealstrategi må arbeidet vidareførast fram til ein reguleringsplan
- Vil saman med kommunen og aktuelle utbyggjarar ha fokus på tilrettelegging av eldrebustader og bufellesskap i sentrum
- Utvikla og tilpassa arbeidet i styret og arbeidsgrupper utfrå behov og kva som er aktuelt i tida. Eigne prosjektgrupper er ynskjeleg (Sjå org.plan)
- Fylgja opp innmelde og aktuelle saker og kalla inn til sær møte for å sikra framdrifta fram mot ei løysing
- Med bakgrunn i lokal trafikksikringsplan vert det arbeidd vidare med konkrete tiltak, mellom anna med fartsdempande tiltak gjennom sentrum
- Vurdera å gjeninnføra Årets uskedeling, som eit motivasjonstiltak
- Auka medlemstalet og engasjementet frå lag/organisasjonar og bedrifter

Uskedal Utvikling

Årsmøte 2016





Resultatrapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår: 01.01.2015 - 31.12.2015

Gjelder periode: 01.01.2015 - 31.12.2015

	Periode	Akkumulert
Driftsinntekter		
3100 Salgsinntekter, avgiftsfr	83 860,00	83 860,00
3111 Salgsinntekter Tiaren	60 057,00	60 057,00
3401 Tilskot klima og miljø	25 000,00	25 000,00
3611 Leigeinntekter Gamleskulen	37 600,00	37 600,00
3612 Stønad Kvinnherad Kommune	82 000,00	82 000,00
3616 Stønad Norsk Tipping	3 696,14	3 696,14
3901 Medlemspenger	11 000,00	11 000,00
3902 Gåve Anonym	500,00	500,00
3903 Gåve frå Sjekanten	1 500,00	1 500,00
3904 kundeutbytte gjen	1 202,00	1 202,00
3949 Momskompensasjon	43 123,00	43 123,00
	349 538,14	349 538,14
Driftskostnader		
4111 Varekjøp Tiaren	-35 077,66	-35 077,66
6320 Renovasjon, venn, avløp mv.	-6 850,66	-6 850,66
6340 Lys, varme	-19 071,67	-19 071,67
6545 Datautstyr	-1 767,00	-1 767,00
6561 Blomar	-6 484,00	-6 484,00
6601 Utstyr Tiaren	-1 391,00	-1 391,00
6611 Kvinnherad Breiband	-3 000,00	-3 000,00
6813 Uskedalen.no Drift	-8 281,75	-8 281,75
6817 Oppgrad. kjeller	-16 014,50	-16 014,50
6940 Porto	-1 414,80	-1 414,80
6990 Ymse utgifter	-3 885,00	-3 885,00
7500 Forsikringspremier	-10 057,00	-10 057,00
7770 Bank og kortgebyrer	-1 909,50	-1 909,50
7830 Konstaterte tap på fordringer	-3 000,00	-3 000,00
	-118 204,54	-118 204,54
Driftsresultat	231 333,60	231 333,60
Finansielle poster		
8040 Renteinntekter, skattefrie	790,65	790,65
Ordinært resultat før skatt	232 124,25	232 124,25
Ordinært resultat	232 124,25	232 124,25
Årsresultat	232 124,25	232 124,25

Revisjonsrapport er sendt og finans sett.

Uskedalen 18. januar 2016

[Signature]

Lesu Grundersen



Balanserapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår 01.01.2015 - 31.12.2015

Gjelder periode: 01.01.2015 - 31.12.2015

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Omløpsmidler	328 994,06	142 024,28	471 018,34
SUM EIENDELER	328 994,06	142 024,28	471 018,34
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)	-238 894,09	0,00	-238 894,09
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	0,00	-232 124,25	-232 124,25
Sum egenkapital (inkl. udisp. resultat)	-238 894,09	-232 124,25	-471 018,34
Gjeld			
Langsiktig gjeld	-42 224,47	42 224,47	0,00
Kortsiktig gjeld	-47 875,50	47 875,50	0,00
Sum gjeld	-90 099,97	90 099,97	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-328 994,06	-142 024,28	-471 018,34
Avvik	0,00	0,00	0,00



Driftsbudsjett 2016

Driftsinntekter:

Sal Tiaren	67 000
Diverse inntekter	95 000
Annonse Uskedalen.no	78 000
Medlemskontingent	<u>12 600</u>

Sum Driftsinntekter **252 600**

Driftskostnader:

Varekjøp Tiaren	30 000
Elektrisitet	22 500
Blomar	12 000
Diverse kjøkkenutstyr	5 000
Vedlikehold Bygninger	30 000
Reparasjoner utstyr	1 000
Kontorrekvisita	1 400
Kvinnherad Breiband	3 750
Datautstyr	10 000
Drift Uskedalen.no	26 000
Møter kurs og oppfølging	3 000
Porto	1 500
Forsikringspremie	10 000
Ymse utgifter	<u>40 000</u>

Sum Driftskostnader: 196 150

Driftsresultat **56 450**



Årspengar og husleige 2016

Styre går inn for ikkje å gjera endringar i årskontingent, husleige eller annonser på uskedalen.no

Val 2016

Styre

Kristian Bringedal Attval som leiar – for 1 år

Gunn Mari Moberg Ikkje på val

Jan Erik Olsson Vert vald for 2 år Egil Myhre

Vert vald for 1 år Henrik Lyse

Vert vald for 2 år

Varamedlemer valde for 1 år

1. Ann Irene Sæle
2. Berit Harriet Døssland
3. Anne Sofie Feet

Revisorar

Hans Reidar Kjærland

Leon Gundersen

Evt. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.



Styret

5 medlemmer + 3 varamedlemmer

Rekneskapsfører, revisor og valnemnd

- Dagleg drift og økonomi
- Plansaker og høyringspart
- Vertsrollen: Tilflyttarar og nye verksemder

Gamleskulen	Kafe Tiaren	uskedalen.no	Turvegar og blommar	Prosjekt
Jan Erik Olsson Berit H. Døssland	Berit H. Døssland Selma Eik	Redaksjonsgruppe: Ola Matti Mathisen Thor Inge Døssland ----- Teknisk gruppe: Tore Mathisen Anita Enæs Hans Ordin Østebø	Sella Hjørnevåg Gunn Mari Moberg	
Kjellaren Uteområde Ungdomsklubben Utleige Info.tavla	Frivillige Ansvarsgrupper Innkjøp	Teknisk drift Redaksjonelt Sponsorar Lag/organisasjonar	Blomebedd i sentrum Pynting i krukker Turvegane i nærområde	Aktuelle prosjekt